



INVITASJON

til deg som føresett til elev på 8. trinn

Foreldretreff med Mari Prytz Malmanger
om foreldrerolla

Du har no fått ein tenåring i huset, og det melder seg nye og spanande utfordringar i forhold til foreldrerolla.



Målet med dette foredraget er:

- At du skal forstå tenåringen endå litt betre
- At vi saman skal reflektere over grensesetjing og relasjonsbygging med ungdommen
- At du skal bli kjend med andre foreldre og reflektere over korleis de kan samarbeide for å skape eit trygt lokalsamfunn

Mari Prytz Malmanger er utdanna sosionom og har jobba med ungdomar på ulike arenaer sidan 2012. Mari jobbar til dagleg i Ungdomsteamet i Sandnes der ho driv med oppsøkjande arbeid, individuelle samtalar med ungdom og foreldrerådgjeving. Ho har mange nytte erfaringar å dele med dei som er nærmast ungdomen og er opptekne av at ungdomar skal ha ein best mogeleg ungdomstid.

Dette er det første foreldretreffet i Sterk&Klar-programmet for ungdomstrinnet. I våre foredrag får de forskingsforankra kunnskap om foreldrerolla og førebygging av rusproblematikk, og de får høve til å snakke om tematikken med dei andre foreldra. Det er ein beskyttande faktor at foreldra kjenner kvarandre, og har eit medvite forhold til foreldrerolla, grensesetjing og relasjonsbygging. Tydlege vaksne gir tryggare ungdom.

BRYNE UNGDOMSSKULE – TYSDAG 24. SEPTEMBER KL. 18.00-19.30

TREFFET BLIR ARRANGERT AV SKULEN OG FAU I SAMARBEID MED STERK&KLAR

Meld deg på treffet her:

[Foreldretreff Bryne ungdomsskule 8. trinn - Sterk & Klar - IOGT \(sterkogklar.no\)](http://Foreldretreff Bryne ungdomsskule 8. trinn - Sterk & Klar - IOGT (sterkogklar.no))

Velkommen!